

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/23	Skattetakstnemnd	PS	25.08.2023
011/23	Skattetakstnemnd	PS	08.09.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/702

## Klage på eigedomsskatt for GBnr 89/25, 89/27 og 92/16 - Mjøs Metallvarefabrikk

### Vedlegg:

20230327150135109

Klage på eiendomsskattetakst og utskreven eiendomsskatt

**Kommunedirektøren gir ikkje framlegg til vedtak i saka**

### Skattetakstnemnd - 011/23

#### STN - behandling:

Nemnda sette fram slikt fellesframlegg:

"Det er svært vanskeleg å ha fullstendig oversikt over kva som ligg til grunn for noværende eigedomsskatt, basert på rapport frå ESKAN i 2017. Det vert difor vanskeleg å gjere noko anna enn å ta klaga frå Mjøs Metall til følgje. Eigedomsskatten som er utskreven for 2023 for GBnr 89/27 og 92/16 vert difor fjerna og kreditert.

Til neste år, 2024, må Mjøs Metall gå gjennom det som ligg i matrikkelen og gjere greie for om dette stemmer med dei faktiske byggtilhøve på eigedomene med GBnr 89/25, 89/27 og 92/19."

#### AVRØYSTING:

Samrøystes

#### STN - vedtak:

**Det er svært vanskeleg å ha fullstendig oversikt over kva som ligg til grunn for noværende eigedomsskatt, basert på rapport frå ESKAN i 2017. Det vert difor vanskeleg å gjere noko anna enn å ta klaga frå Mjøs Metall til følgje. Eigedomsskatten som er utskreven for 2023 for GBnr 89/27 og 92/16 vert difor fjerna og kreditert.**

**Til neste år, 2024, må Mjøs Metall gå gjennom det som ligg i matrikkelen og gjere greie for om dette stemmer med dei faktiske byggtilhøve på eigedomene med GBnr 89/25, 89/27 og 92/19.**

#### Saksopplysningar:

##### Saksopplysningar:

Skattetakstnemnda gjorde i forkant av fastsetting av eigedomsskatten for 2023 ein synfaring over fleire eigedomar som låg utan eigedomsskatt, utan kjend grunn, i kommunen. GBnr 89/27 og 92/16 dukka i denne samanheng opp og vert lagt inn med eigedomsskatt.

Mjøs Metallvarefabrikk klagar på at det er skrive ut eigedomsskatt for GBnr 89/27 og 92/16. Dei meiner at desse ligg under protokolltaksten på GBnr 89/25.

Sjå vedlagt klage

### **Konklusjon**

Klaga vert lagt fram for skattetakstnemda for ny vurdering og handsaming. Dersom klaga ikkje vert teken til følgje vert saka sendt vidare til klagenemnda for handsaming og avgjerd.